

HOVUDUTSKRIFT

FOR

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 27. oktober 2022
Tidspunkt.: Kl. 10.00 – 12.00

Som medlemmer møtte:

Herøy: Bjørn Prytz, Tanja Rafteseth, Karl-Oskar Sævik
Ulstein: Knut Erik Engh, Berit Overvåg Hjorth, Oddvar Gjerde
Hareid: Bernt Brandal,
Sande: Olav Myklebust, Anne-Marte Skarmyr Beitveit

Følgande medlemmer møtte ikkje:

Herøy: Tor-Sindre Steinsvik
Hareid: Kjetil Nasset
Sande:
Ulstein.

Som varamedlemmer møtte:

Herøy: Wenche Bjørkeng
Hareid: Hallvard Sæverud

Frå styret møtte: George Fulford, Camilla Storøy, Margareth Leinebø, Anne Holstad, Bjarte Uglum, Kjartan Grimstad

Frå administrasjonen møtte: Arnstein Myklebust, Rune Tarberg

Andre: Einar Giljarhus Løkken (BDO)

Saker som vart handsama: Sakene R09/22 – R13/21

Vedtakssaker:

SAK NR R09/22

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Det er ønske om at innkallinga vert sendt i kalender

Enstemmig vedtak.:

Innkallinga og saklista vart godkjend.

SAK NR R10/22

VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR)

To representantar skal skrive under møteprotokollen saman med leiar (og dagleg leiar).

Enstemmig vedtak.:

Bjørn Prytz og Oddvar Gjerde skriv under protokollen saman med leiar
Knut Erik Engh (og dagleg leiar).

SAK NR R11/22

BUDSJETT 2023, ØKONOMIPLAN 2023-2026 OG GEBYRREGULATIV 2023

Godkjenning av budsjett for 2023

Året 2022 har vore eit utfordrande år med ein betydelig kostnadsauke på varer og tenester som vil prege 2023 og også åra som kjem.

Styreleder gjennomgikk regnskap og prognose for 2022, samt styrets vurderinger rundt budsjett for 2023. Regnskapet for 2022 viser så langt eit resultat som er svakare enn budsjett.

Selskapet har opplevd ein vesentleg auke i kostnader som drivstoff, innleige av transport, nyinnført forbrenningsavgift o.l. I tillegg har verdenssituasjonen ført til lang leveringstid på maskiner og utstyr, noko som bl. anna har ført til utsatt oppstart på ny presselinje.

Det er igangsett fleire tiltak for å effektivisere drifta av selskapet, blant anna er ei ny presselinje for papp, papir og plast akkurat montert og igangkjørt, og er i full drift fra slutten av oktober månad.

Denne vil gi oss nye muligheiter og fleire økonomiske fordelar som betre betalt for fraksjonar, redusert transport m.m.

Nye krav til avfallsbehandling og utsortering av fraksjonar gir og auka kostnader og arbeidsmengd. Renovasjon for hushaldningar vert dreve etter sjølvkostprinsippet og det er difor nødvendig ved ein auke i gebyrsatsane for hushaldning for å dekke kostnadsauken.

Det er foreslått 6 % påslag på gebyrnivået i 2023 (renovasjonsgebyret for husholdninger).

Enstemmig vedtak:

Representantskapet godkjenner det fremlagte budsjett for 2023.

Gebyrregulativet blir oversendt til kommunestyra i eigarkommunene for endeleg vedtak der etter at vedtak er gjort.

Godkjenning av økonomiplan 2024-2026

Styrets leder redegjorde for økonomiplanen, som inneheld ein plan om å redusere sjølvkostfondet. Dette kan innebære at selskapet i perioder også vil ha eit negativt sjølvkostfond. Etter styrets vurdering vil dette være forsvarlig.

Det er kun foreslått ein moderat utvikling av renovasjonsgebyr.

I økonomiplanen er det avsatt midler til tiltak for oppnåelse av strategiske mål.

Enstemmig vedtak:

Representantskapet godkjenner den fremlagte økonomiplan for perioden 2024-2026.

SAK NRR12/22

ORIENTERINGSSAK –

ØKONOMISK RESULTAT ANDRE TERTIAL OG ESTIMAT / PROGNOSE FOR 2022

Generell orientering om økonomisk status i 2022 utan at det vert gjort vedtak i saka.

Regnskapet for 2022 viser eit vesentleg underskudd som i hovudsak kjem av auka prisar på varer og tenester.

Enstemmig vedtak.:

Orienteringa vart tatt til etterretning

ORIENTERINGSSAK - SAK NR R13/22

DIVERSE ORIENTERINGAR VED STYRELEIAR OG DAGLEG LEIAR

Generell orientering om diverse saker, der det ikkje vart gjort vedtak. Det vart orientert om følgjande:

- Samarbeid med andre i regionen. Status biogassanlegg på Melsgjerdet i Ørsta.
- Status sikringsarbeidet i Fløstranda
- Bærekraftstrategi
- Framtidige krav til utsortering av avfallsfraksjonar.
- Forhold knytt til SSR's organisasjon

- Investeringar
- Klage på lukt fra verksemda

Neste møte i representantskapet blir 01 juni 2023 kl 10:00.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS, Ulsteinvik, 09. november 2022

(sign.)

Knut Erik Engh
representantskapsleiar

(sign.)

Oddvar Gjerde

(sign.)

Bjørn Prytz

(sign.)

Arnstein Myklebust
Dagleg leiar

(Protokollen vert godkjent elektronisk)